



KNUD KNUDSEN

(1832 - 1915)

Knud Knudsen var fødd i Odda, der foreldra var handelsfolk, og seinare bønder på garden Tokheim. Knudsen starta fotografverksemd i Bergen i 1864, men var heile livet knytt til heimegarden Tokheim som fruktdyrkar. Som fotograf dokumenterte han folke- og arbeidslivet på garden, og dei fleste bileta på denne utstillinga er henta frå Tokheim.

Knudsen vart mest kjend som landskapsfotograf, og i særleg grad synleggjorde han landskapa på Vestlandet og etablerte dei som nasjonale ikon for turistmarknaden. Han var aktiv som fotograf til ca. 1900.



ALF ADRIANSEN

(1896 - 1969)

Bergensaren Alf Adriansen var ein særers aktiv ferdamann og fotograf, både i den norske fjellheimen og i det vestlandske kulturlandskapet. Han dokumenterte m. a. jordbruket og bondesamfunnet i brytninga mellom gamal og ny tid, før hest og hesjer blei erstatta av traktorar og moderne drift.

Bileta av folk og kulturlandskap frå Indre Hardanger er formidla med stemningsskapande respekt, og syner ein fotograf med høgt utvikla sans for motiv og komposisjon.



BUFAST UNDER BERGFALL

KULTURLANDSKAP I INDRE HARDANGER
FOTOGRAFERT AV KNUD KNUDSEN OG
ALF ADRIANSEN

**FOTOUTSTILLING
I AGATUNET
22. APRIL - 15. AUGUST
2005**

BUFAST UNDER BERGFALL

Kulturlandskap i Indre Hardanger

Fotografert av Knud Knudsen og Alf Adriansen

”Hardangerfjordens Omgivelser ere af Naturen just ikke meget behagelige”.

Slik skildra Ivar Aasen Hardanger tidleg i 1840-åra, og viste med det at oppleving av natur og landskap til ei kvar tid er kulturelt bestemt. For berre nokre år seinare blei det same landskapet nasjonalromantisk kanonisert gjennom ”Brudeferden i Hardanger” av Tiedemand og Gude; det pittoreske og ”underdeilige” Hardanger var blitt eit nasjonalt ikon.

Men parallelt med dette utstilte landskapet fanst det eit anna Hardanger – arbeidslandskapet, det produktive landskapet – som ikkje fekk del i den nasjonalromantiske rusen, anna enn i generelle festtalar om den ”stolte norske bonde”. For bøndene langs Sør fjorden i Indre Hardanger var det pittoreske og storslegne synonymt med eit tungdrive og trassig kulturlandskap, under trugande bergfall og den glasiale pusten frå breen.

Brytninga mellom det pittoreske og det produktive landskapet i Hardanger er eit sentralt element i fotografia til Knud Knudsen. Han var både deltakar og observatør i dette landskapet, frukt dyrkar på Tokheim i Odda og fotograf med blikk for den veksande turistmarknaden. Samstundes med at Knudsen blir ein pioner i visualiseringa av det pittoreske Noreg, dokumenterer han i 1870-åra og seinare folke- og arbeidslivet på Tokheim og andre stader i Indre Hardanger. Desse bileta skildrar kvardagslege arbeidsprosessar og situasjonar frå livet på garden; møkakøyring, slakting, slått, frukthasting osv. Arbeidsfolka har tillit til den lokalkjende fotografen, dei er fanga i augneblinken fullt fokusert på handgrepa i arbeidet. Unntaket er biletet frå geitemjølkinga ovanfor Tokheim, der både folk og fe har fatta interesse for fotografen.

I fotografia til Alf Adriansen frå 1930- og 1940-åra er det pittoreske landskapet meir synleg, som storslegne bakgrunnskulisser for arbeidsprosessane. Bileta frå Reiseter viser tydeleg kva bøndene har å bala med i dei bratte fjellsidene under breen; menneska blir små i det store landskapet. Samstundes formidlar Adriansen samspelet mellom menneske og natur, gjennom innblikk i ein tidsepoke med driftsformer som no er historie. Såleis blir desse bileta dels eit nostalgisk blikk tilbake mot ei brytningstid i bondesamfunnet, og dels ei påminning om at kjensla av å vera og å virka i dette kulturlandskapet var like sterk før som ho er no.

Gjennom historia har folket i Indre Hardanger, bufaste under bergfall, forma naturen rundt seg til eit eineståande kulturlandskap. Fotografia til Knud Knudsen og Alf Adriansen viser oss fragment frå denne historia, frå to ulike tidsepokar. Felles for desse fragmenta er dokumentasjonen av arbeidsliv og arbeidsprosessar; hos Knudsen gjennom nærlesing av personar og handgrep, hos Adriansen med meir vekt på den pittoreske scenografien i bileta.

Den konkrete utforminga av kulturlandskapet er ein uendeleg prosess, ei historie som må bli gjenfortalt frå generasjon til generasjon. Den vesle guten med det undrande blikket har enno ein lang veg å gå i denne historia, men kan vandra inn i landskapet med ei trygg lærehand å halda i og ei open grind føre seg.



Utstillinga er laga av Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Hordaland fylkesarkivet, og Stiftelsen Agatunet.

Tekst: Ola Søndena

Kjelde: Oddlaug Reiakvam: Bilderøyndom – Røyndomsbilde, Det Norske Samlaget 1997

 HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

stiftelsen agatunet